

Fastlegar sin bruk av gebyr – informasjon til kommunane

Frå 1. januar 2016 blei det forskriftsfesta at fastlegane ikkje kan krevje gebyr frå pasientane for kortbetaling eller for SMS-bestilling av timer. Enkelte legar har gjeve tilbakemelding om at dei opplever det som uklart korleis forskriftsendringa skal praktiserast. Med dette som bakgrunn sendte Helfo og Helsedirektoratet informasjonsbrev og presiseringar til fastlegane her til lands i mars. Helsedirektoratet følgjer no opp med dette informasjonsbrevet om dei nye reglane til alle kommunane.

I samband med takstforhandlingane i 2015 blei Den norske legeförening, Helse- og omsorgsdepartementet, Kommunenes sentralforbund og dei regionale helseføretaka einige om å forskriftsfeste at det frå 1. januar 2016 ikkje kan krevjast gebyr frå pasientane for kortbetaling eller for SMS-bestilling av timer. Denne presiseringa blei tatt inn i § 2, nr. 6 i forskrift om stønad til dekning av utgifter til undersøkelse og behandling hos lege, FOR-2015-06-26-796 ([https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-06-26-796?q=forskrift om stønad til dekning](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-06-26-796?q=forskrift%20til%20dekning)).

Den nye presiseringa i forskriften er slik: «*Medlemmets egenandeler/egenbetalinger for å oppsøke lege er uttømmende regulert i forskriften, jf. kap II. Leger er forhindret fra selv å kreve, eller inngå avtaler som innebærer, pasientfinansiering av administrative systemer som betalingstjenester, timebestillingssystemer og lignende. Dersom pasienten ønsker å motta faktura, kan det avkreves et fakturagebyr. Fakturagebyret skal ikke overstige kostnadene ved faktureringen.*»

Dette betyr at fastlegane ikkje kan finansiere administrative system som for eksempel SMS-tenester eller betalingsterminaler med gebyr frå pasientane.

Staten ønskjer at alle pasientar lett kan komme i kontakt med fastlegen sin. Dersom fastlegen tilbyr timebestilling via SMS eller andre kanalar, er det viktig at pasienten også kan velje andre måtar å kontakte fastlegen på, som for eksempel på telefon. Dette er mellom anna omtala i § 21, tredje ledd, av fastlegeforskrifta.

Det er kommunane som eig fastlegeordninga og som inngår avtale om legepraksis med den enkelte lege. Helfo administrerer berre ordninga på vegne av kommunane.

Helsedirektoratet kjenner ikkje i detalj forretningsmodellen eller dei tekniske løysningane til dei ulike SMS-tenestene. Derfor har vi ikkje tatt stilling til om fastlegane sine avtalar med leverandørar av desse tenestene bryt med forskrifta. Helsedirektoratet vil søkje å få dette avklara, og vil komme tilbake med nærare informasjon når avklaringa ligg føre. Fram til ei slik avklaring ligg føre, bør avtalar som er inngått om SMS-tenester mellom fastlegar og tenesteleverandørar ikkje få konsekvensar for legen sitt avtaleforhold med kommunen.